



## Sluttrapport – Lokalt trafikksikringsarrangement – økonomisk støtte - 2017

Sluttrapporten skal sendast til: Hordaland fylkeskommune v/ Lise Ådlandsvik

Elektronisk adresse: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Rapporten må merkast: "Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - sluttrapport – ref: 2014/1230"

Stad og dato:.....Bergen/4. desember 2017.....

### Rapportering etter lokalt trafikksikringsarrangement

Namn på arrangement	Trafikksikkerhetsdagen
Tidspunkt for arrangement	Laurdag 26. august 2017
Namn på mottakar av tilskotet	Stiftinga Etertankens dag Hordaland
Adresse og postnr.	Agnes Mowinckels Gate 5, 5008 Bergen
Postnummer og poststad	Postboks 7900, 5020 Bergen
Epost	<a href="mailto:nestas@tryggtrafikk.no">nestas@tryggtrafikk.no</a>
Kontonummer	3745.30.39871
Organisasjonsnummer	996632873
Kommune	Bergen
Tilskotssum	35 000,-
Evt. eigenandel	90 000,-
Totalkostnad	<b>140.900,-</b>

### Gjennomføring av arrangementet:

Gje ei kort utgreiing av korleis arbeidet er gjennomført. Gje ei kort vurdering av kva trafikksikringsverknader prosjektet har hatt, og vidare planar for arbeidet.

Trafikksikkerhetsdagen vart arrangert laurdag 26. august 2017 etter tett samarbeid mellom ulike etatar og organisasjonar som alle jobbar med trafikksikring. Føremålet med arrangementet var å setje fokus på

trafikksikring, informere om følgene av uaktsam kjøring, vise korleis redningsetatane jobbar for å redde liv ved trafikkulykker, og informere trafikantar om kva dei kan gjere sjølv for å sikre ein meir trafikksikker kvardag.

M.a. hadde Statens vegvesen, NAF, Bergen brannvesen, bymiljøetaten, Personskadeforbundet, Norges lastebileier-forbund, Røde kors, Bergen 2017/Norges cykleforbund og Trygg Trafikk stands den aktuelle dagen. Tematikk var alt frå blindsonar på store køyretøy, sikker sykling, sikring av barn i bil, «veltepetter» og sykkelløype for barn. I tillegg var det demonstrasjon av redning ved ei ulukke ved naudetatane.

Arrangementet var godt besøkt, og me hadde konkurransar for alle som var innom og ønskte å delta og fleire aktivitetar for barn. Arrangementet fekk gode tilbakemeldingar både frå dei ulike aktørane som hadde stands denne dagen så vel som frå vanlege folk.

Stiftinga Etertankens dag Hordaland har ambisjonar om å prioritere eit førebyggjande arrangement som Trafikksikkerhetsdagen også i 2018!

### Rekneskapsoversikt:

Legg ved eit detaljert rekneskap.

<b>INNETEKTER</b>		
NAF		6 250,00
Statens Vegvesen		10 000,00
Støtte frå FTU		35 000,00
<b>Sum</b>		<b>51 250,00</b>
<b>UTGIFTER</b>		
<b>Trafikksikkerhetsdagen</b>		
Utgifter møter		3 286,00
Annonser		20 387,50
Frakt av bilvrak		6 250,00
Telt og utstyr		16 050,00
Underhaldning		8 331,25
Lyd		
<b>Sum utgifter</b>		<b>54 304,75</b>
<b>Resultat</b>		<b>-3054,75</b>